

Referat

Utval: Fitjar sokneråd
Møtestad: Fitjar rådhus -
kommunestyresalen
Dato: Torsdag 19.11.2020
Tid: Kl. 18.30
**Ord for
dagen:** Tom

Faste medlemmer som har møtt:

Namn	Funksjon
Sigrid Marie Fangel	leiar
Wenche Andersen Helland	nestleiar
Svein Lunde	skrivar
Tom Rydland	medlem
Anne Marie Røed	medlem
Herman Inge Aadland	medlem
Aase Rygg H. Nøttveit	medlem
Håkon Rydland Sæbø	medlem
Sigurd Andre Maraas	kommunal representant
Roald Drønen	sokneprest
Jan Overweg	Kyrkjeverje

Forfall faste medlemmer:

Namn	Funksjon
-------------	-----------------

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Funksjon
Karin Marie Korsvik	2. varamedlem

Varamedlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon
Jostein Skram	1. varamedlem

Magnor Tverderøy	3. varamedlem
Hilda Gloppen	4. varamedlem
Jan Ottar Wiik	5. varamedlem
Svein Arne Theodorsen	Vara for soknepresten

Sakliste:

SAK	ARKIVKODE	TITTEL	KOMM REPR
2020/54	012.1	Godkjenning av innkalling og sakliste	x
2020/55	012.1	Godkjenning av møtereferat frå soknerådsmøte 17.09.2020	x
2020/56		Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt /NMS Mali	
2020/57		Gudstenesteliste / takkofferliste våren 2021	
2020/58		Økonomirapport pr. oktober	x
2020/59		KPMG - uttale om revisjon av årsrekneskapet 2019	x
2020/60		Val av leiar og nestleiar	
2020/61		Møteplan for første halvår 2021	
2020/62		Meldingssaker	
2020/63		Open post	

Sak 2020/54 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og saklister godkjent

Vedtak: Som innstilling

Sak 2020/55 012.1 Referat frå sist møte

Referatet frå møte den 22. oktoberber 2020 har medlemene fått tilsendt og godkjent tidlegare.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet stadfester referatet frå møte den 22. oktober 2020.

Drøfting: Sigrid foreslo at referat burde ut med kort svarfrist, ei veke frå møtedato.

Vedtak: Som innstilling med tillegg av frist for godkjenning.

|

Sak 2020/56 Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt /NMS Mali

Helga Rimmereid er invitert til møtet for å orientera om kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Mali.

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka

Drøfting: Helga møtte og gav ei svært engasjert og god orientering om prosjektet. Ho informerte mellom anna om at det mangla to medlemmer i nemnda og at dei ynskte supplering. Ho hadde også eit ynskje om å få møte med alle tilsette i kyrkja og soknerådsleiar.

Vedtak: Eit samstemt sokneråd gav stor ros til nemnda og særleg Helga for det arbeidet dei har lagt ned. Soknerådet må på neste møte supplere medlemmer til denne nemnda. Jan prøver å planleggje eit møte/seminar ein laurdag.

Sak 2020/57 Gudstenesteliste / takkofferliste våren 2021

Soknepresten har utarbeidd gudstenesteliste for første halvår 2021. Nærare informasjon om gudsteneste- og takkofferliste vert lagt fram i møte. Lista er å finna som vedlegg til referat.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet sluttar seg til planen for gudstenestene første halvår 2021 slik den ligg føre.

Drøfting: Roald orienterte om dei vurderingar som ligg til grunn for utarbeiding av lista. Det var stort sett vidareføring av tidlegare års praksis. Samtalegudstenesta onsdag før konfirmasjonshelg hadde falle ut og vart lagt til. Dei vil gjerne ha innspel under vegs.

Vedtak: Som tilråding med dei endringar som er nemnt under drøfting.

Sak 2020/58 Økonomirapport pr. oktober

Kyrkjeverje orienterer om økonomien pr. utgangen av oktober og eit forventa resultat for 2020. Saldorapport er sendt ved innkallinga. Arbeidsutvalet kjem med forslag om å finna rom i budsjettet til rensing av teppet i kyrkja og fornying av teppe og matter i våpenhuset.

Framlegg til vedtak:

Framlegg til vedtak vert lagt fram i møte.

Drøfting: Jan orienterte om situasjonen pr. oktober. Det er eit overskot som kan brukast til prosjekt.

Fleire prosjekt vart trekt fram:

Ny løpar i kyrkja, både i skipet og våpenrom. Dagens tepper er truleg nærare 40 år.

Trusopplæring/Ungdomsarbeid.

Instrument til kyrkja for bruk i ungdomsarbeid.

Diverse vedlikehald i eigen regi.

Ny trerapport-tilstandsrapport for tre på kyrkjegarden.

Vedtak:

- Ny løpar i skip og våpenrom kr. 120000,- eks. mva.
- Ungdomsarbeid – lågterskeltilbod. Kr. 25000,- Ungdomane ynskjer »Liten andakt, stor aktivitet og mat» Pengane skal overførast til TEN treff.
- Innkjøp av instrument til kyrkja. Saka oversendt Gudstenesteutvalet. Dei får ei ramme på kr. 10000,-
- Få utført diverse vedlikehald med eigne ressursar samt kjøpe inn noko nytt verktøy til arbeidet på kyrkjegarden.
- Bestille ny trerapport.

Sak 2020/59 KPMG - uttale om revisjon av årsrekneskapet 2019

Fitjar sokneråd har mottatt uttale om revisjon av årsrekneskapet for 2019 frå KPMG. Sjølv om revisor konkluderer med at årsrekneskapet er avgitt i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk, er det nokre forhold som vert påpeika. Kyrkjeverja informerer og har utarbeidd forslag til tiltak. Revisjonsmelding er lagt ved innkallinga.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek revisjonsmelding og orienteringa frå kyrkjeverje til etterretning.

Vedtak: Som tilråding.

Sak 2020/60 Val av leiar og nestleiar

Leiar og nestleiar skal veljast blant dei faste medlemne, og for eit år om gongen. Valet skal vera skriftleg (verksemdreglane §1 nr.3).

Framlegg til vedtak:

Soknerådet vel desse til til ulike verv i rådet for eit år:

Leiar:

Nestleiar:

Drøfting: Sigrid orienterte om at ho ikkje ville ta attval som leiar. Wenche kunne ta attval som nestleiar.

Sigrid bad om framlegg til ny leiar. Roald sette fram forslag om Svein, Anne Marie foreslo Tom. Ved skriftleg val fekk Svein 8 stemmer og Tom 2 stemmer.

Som nestleiar var det berre eit framlegg. Her fekk Wenche 9 stemmer og 1 var blank.

Herman Inge takka Sigrid for det store arbeidet ho hadde lagt ned for Sokneråd og Fellesråd. Særleg trekte han fram at ho tok vervet i det fyrste året av funksjonstida til det nye rådet. Dette var svært viktig då alle dei andre var nye i rådet.

Sak 2020/61: Møteplan for første halvår 2020

Soknerådet bør leggja opp til eit møte kvar månad. Ofte har det vore møte den nest siste torsdagen i månaden.

Framlegg til vedtak:

|

Soknerådet vedtek slik møteplan fram til sommaren 2021:

Torsdag 21. januar 2021

Torsdag 18. februar 2021

Torsdag 18. mars 2021

Torsdag 22. april 2021

Torsdag 20. mai 2021

Torsdag 24. juni 2021

Dersom det skulle vera behov for møte utover dette, fastset soknerådsleiar tidspunkt for møte.

Vedtak: Som framlegg men møtet i Juni vert flytta til 17.6.21

Sak 2020/62 Meldingssaker

- Pandemien og gjennomføring av gudstenester og andre arrangement i november/desember.
- Høyringar der soknerådet kan koma med uttale.
- Bemanning på kyrkjekontoret og kyrkjegarden
- Forventningar til arbeidet i nemd og utval under pandemien.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek meldingane til orientering.

Drøfting: Det vart orientert om meldingssakene. Mellom anna vert Gudstenester no streama. Dette vil også verta gjort i julehelga men nøyaktig plan vil vera avhengig av korleis smittesituasjonen er.

Bemanning på kyrkjekontor og kyrkjegard er etter bemanningsplan.

Nemndene må sjølv vurdere korleis dei vil arbeide avhengig av smitte.

Vedtak: Soknerådet tek meldingane til orientering.

Sak 2020/63 Open post

- Innspel til saker neste møtet

Drøfting:

Tom bad om fylgjande:

1. Korleis ynskjer soknerådet å nytte ressursane som er i ulike nemnder. Korleis motivere, og korleis ansvarleggjere
2. Som ei oppfylgjing av pkt over og Helga sin presentasjon bør me følgje misjonsprosjektet spesielt opp i dette møtet.

Anne-Marie ber om at økonomirapport er framme på kvart møte.

|

Neste møte er 10.12.. Dette møtet er tradisjonelt eit møte med mat og juleavslutning og berre ein kort bolk med saksbehandling. Dersom dette ikkje let seg gjera, kan me ha eit ordinært møte.

|